

Til

Statsminister Erna Solberg

15. mai 2020

Maritim næring står i fare for å bli halvert.

Effekten av koronaepidemien og oljeprisnedgangen får dramatiske konsekvensar for den maritime næringa. Særlig fordi dette kjem på toppen av offshorekrisa etter 2014.

No må vi få auka kriseforståing for maritim næring, og det haster med motkonjunkturtiltak.

Norsk maritim sysselsetting kan gå ned med nesten 25 % fram til utgangen av 2022, samanlikna med 2019. Det kan føre til at kvar fjerde tilsett i næringa vil miste jobben. Det viser prognoser utarbeida av Menon Economics i ein rapport bestilt av Maritimt Forum. Rapporten bekreftar alvoret i situasjonen vi no er opp i, og det viser at det haster å gjennomføre kraftfulle motkonjunkturtiltak.

Samanlikna med toppen i 2014, før oljeprisnedgangen, vil det ifylgje hovudscenariet i Menon-rapporten vere over 40 000 færre tilsette i maritim næring i 2022.

Legg vi til grunn eit pessimistisk scenario, er utsiktene ei halvering av maritim næring i 2022. Hovudscenariet viser at mellom 2019 til 2022 blir ein nedgang i omsetninga frå 445 mrd kroner til 335 mrd kroner. Det utgjer nesten 25 %.

Det er fleire nøkkelverksemdar som til dømes, IP Huse, Vard, Ulstein og Kleven som no er i alvorlege vanskar. Dette er døme på selskap som er ein svært viktig del av sysselsettinga i mange lokalsamfunn på Sunnmøre og i Romsdal, og er ein berebjelke i mange kommunar.

Vi står i fare for å miste kompetanse av stor samfunnsmessig betydning, Ein kompetanse som vi er heilt avhengig av for å lukkast med det grønne maritime skiftet.

Kompetansen er viktig for å drive fram maritime nullutsleppsteknologiar, for vekst innan berekraftig energi og for matproduksjon frå havet.

Sunnmøre Regionråd og Romsdal Regionråd viser til Maritim Næring som overfor myndighetene har fremma ein tiltakspakke som inneheld 40 tiltak som vil sikre maritim næring igjennom og etter koronakrisa.

Den inneheld blant anna forslag om forsering av bygging av statlege skip, tiltak som sikrar likviditet og kapitaltilgang, midlertidig endring av nettolønsordninga for norske sjøfolk, utvida permitteringsperiode til 52 veker og storstilt satsing på havvind, havbruk og flåtefornyning.

Vi støttar dei tiltaka som er foreslått av Maritimt Forum, og meiner at det er viktig at tiltaka vert utforma slik at dei bidrar til det grønne skiftet, og har eit framtidig eksportpotensial.

Tiltaka må og utformast slik at dei får ein effekt allereie i 2020.

Dette er viktig for heile næringa, også her i Møre og Romsdal.

På vegne av Sunnmøre Regionråd og Romsdal Regionråd

Jan Ove Tryggestad
Styreleder
Sunnmøre Regionråd
(sign)

Torgeir Dahl
Styreleder
Romsdal Regionråd
(sign)

Kopi:

- Finansministeren
- Nærings- og fiskeriministeren
- Olje- og energiministeren
- Finanskomiteen på Stortinget
- Mørebenken på Stortinget
- Partia på Stortinget ved parlamentarisk leiar